

**Lidvin Osland**

## **Norsk kulturråd si satsing på barn og unge**

Eg vil innleide med å vise til den idégruppa som, med utgangspunkt i eit samarbeid mellom Norsk kulturråd og Norsk senter for barneforskning (NOSEB), i 1992/93 gjorde eit arbeid med å samle kunnskap om kulturformidling til barn og unge. Eit av deira framlegg var, som kjent, at det burde haldast ein nasjonal konferanse for kulturutøvarar lagt til Universitetet i Bergen, og også at det burde haldast ein mindre forskarkonferanse. Bergen kommune og Universitetet i Bergen fortener honnør for at dei har følgt opp dette.

Bakgrunnen for denne idégruppa, var diskusjonar om kulturtilbodet for barn - og kva vi *veit* om effekten av vaksensamfunnet sitt kulturtilbod i høve til barn og unge? I denne samanhengen var det både tenkt på kulturtilbod som var produsert av vaksne særskilt for barn (og unge) og kulturtilbod generelt. Det vart også gjort ei avgrensing i høve til barns eigen kultur, som Kulturrådet gjennom dei seinare åra har prioritert. Det blei vidare peika på det viktige samspelet mellom dei vaksne sin kultur og barna sin kultur.

Kort om Norsk kulturråd: Oppnemnd dels av Stortinget og dels av Regjeringa. Forvaltar Norsk kulturfond - ca. 150 millionar pr. år no - på fritt grunnlag. Frittstående organ - ikkje eit direktorat. 10 fagutval med høg kompetanse og stor integritet.

Barne- og ungdomskultur er eit av dei faste arbeidsområda i Kulturrådet, men er samstundes eit prioritert satsingsområde. Området dekkjer både kultur *for* barn og unge, med barn og unge og barn og unges eigen kultur. Arbeidet er prega av større forsøksprosjekt og særinnsatsar og påpeikar som regel særskilde behov. I 1993 var

den særskilde avsetninga til barne- og ungdomskultur 7,9 mill. kr og i 1994 er denne avsetninga på 8 mill kr. Dette kjem i tillegg til tilskot til barne- og ungdomskulturtiltak gitt over dei ulike fagområda i Norsk kulturråd som t.d musikk og litteratur. Tilskotet til barnelitteratur er drygt 20 mill. Samla sett så blir det fort 40 millionar kr pr. år.

I arbeidet med barne- og ungdomskultur er det viktig å skilje mellom vaksenprodusert kultur for barn og unge, og barn og unges eigen kultur. Det vil seie at det må satsast både på å gi barn og unge tilgang til kulturtilbod på ulike område og dessutan på at det er rom for eigen kreativitet og utfolding.

Eit prinsipielt utgangspunkt for arbeidet med barn og unge er at dei skal handsamast som ein integrert del av samfunnet og at deira interesser og behov så langt råd er skal sikrast innanfor ordningar som gjeld heile folket. Ettersom barn og unge er ei gruppe med lita makt til å påverke sin eigen situasjon, er det naudsynt med positiv særhandsaming. På kulturområdet vil det seie at det blir satsa på særskilde kulturtiltak for barn og unge. Samstundes må kulturaktivitetar for vaksne leggjast til rette for at barn og unge kan ta del der *det* høver. Men, det er viktig å hugse på at born må få vere born og at born *kan* leike utan hjelp av pedagogar.

Breidda og variasjonen i kulturtiltak og aktivitetar overfor barn og unge er aukande. Det er stor spreing i barn og unges kulturelle interesser, og undersøkingar syner at barn og unge brukar kulturtilbod oftare enn andre aldersgrupper. Men, som m.a. Kulturmeldinga peikar på, har det dei siste 15-20 åra skjedd små endringar med omsyn til kven som oppsøker ulike tilbod og tiltak. Økonomisk evne og sosiale tilhøve er berre nokre av faktorane som bestemmer deltaking. Like viktige faktorar er haldningar, kunnskapar og verdiar. Derfor er ei av målsetjingane for Kulturrådet si forsøksverksemd at ein skal prøve å nå nye grupper - *auke kulturdeltakinga*.

*Kvalitet* er eit anna grunnleggjande stikkord. Kulturtilbodet til barn skal - sjølvst - fylle dei same krav til kvalitet som vi ventar andre stader i kulturlivet. Kravet til kvalitet må femne om både det kunstnarlege aspektet og dei verdiar som blir formidla - både form og innhald i sjølve prosessen.

Kulturrådet er opptekne av området "Barn og kulturformidling" på fleire måtar. *Utgreiings- og kunnskapsinnhenting* er eksemplifisert m.a. ved arbeidet til den nemnde idégruppa.

Som døme på utgreiingsarbeid på eit meir avgrensa fagområde er utgreiinga om "Norsk faglitteratur for barn" som blei lagt fram i januar 1994, og som peika på at fagboktilbodet til barn er sparsamt, at forfattarane er få, vilkåra deira svake og kompetansen innan denne genren lite påakta, og at økonomien i denne bokgenren avgrensar forlaga sine moglegheiter til å gje ut fagbøker for barn og unge. På bakgrunn av dette peika på tiltak som kan iverksetjast for å få fram norskproduserte fagbøker for barn og unge. Det er frå Kulturrådet gjort framlegg om ei særskilt produksjonsstøtteordning til nye norske fagbøker for barn og unge, og ei selektiv innkjøpsordning for nye norske fagbøker for barn og unge. Føresetnaden for Kulturrådet sitt framlegg var tilførsel av friske midlar, noko som så langt ikkje har skjedd, trass i "godord" både i kulturmeldinga, innstillinga frå Stortinget og fråsegner frå statsråden. Der er von i hangande snøre.

På litteratursida er elles Kulturrådet sitt ansvarsområde primært støtte til bokproduksjon. Men det er eit godt samarbeid med Statens bibliotektilsyn som har ansvaret for formidlingssida. Det har m.a. vore gitt støtte til handbok om bruk av litteratur i skolesituasjonen - i undervisning og skolebibliotek.

Eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturråd og Statens bibliotektilsyn har vore gjennomført i Oslo - Lambertseter bydel og i Larvik kommune. Ein ønskte å finne ut om norsk barnelitteratur kunne vere ein innfallsvinkel til å nå fram til innvandarmødre, slik at dei kunne gi borna sine betre støtte og samstundes bli betre integrerte i det norske samfunnet. Målgruppa var innvandarmødre med barn i norske barnehagar og i småskolen. På Lambertseter gjekk kurset over fire kveldar: To norske barnebokforfattarar, Anne-Cath Vestly og Kjersti Scheen, fortalde om sine forfattarskap. Barnebibliotekaren presenterte andre kjente barnebokforfattarar, både norske og nordiske og gav ei innføring i eventyr, rim og regler. Kurset blei avslutta med teaterframsyninga "Huset i skogen" for deltakarane og barna deira. Positive erfaringar.

Ein ny regional måte å drive litteraturformidling på, er under utvikling i Agder. Det nye litteraturformidlingssenteret er lokalisert til Kristiansand, og skal arbeide på tverrfagleg basis, både teatret, symfoniorkestret, biletkunstnarar, historielag og sjølvsgt forfattarar er representerte i referansegruppe. Skolen er ei klar brukargruppe.

Saman med Statens bibliotektilsyn har rådet stått bak prosjektet "Arbeidsledig ungdom og litteratur", som m.a. i Halden har oppnådd svært gode resultat. Målgruppa for dette ikkje typisk barn, men verdt å nemne likevel.

Kulturrådet har og teke initiativ til og gir støtte til fleire *større forsøksprosjekt* når det gjeld kulturformidling til barn og unge. All kunstformidling til barn må ta utgangspunkt i at barndommen har ein eigenverdi, og at barn og unge er sjølvstendige individ som har rett til gode kunstopplevingar her og no, utan at dette blir sett inn i eit framtid-, førebyggjande eller pedagogisk perspektiv.

## Kunstskolar

Den første forsøksperioden 1989 - 1992 blei det gjennomført forsøk i 16 kommunar. Framveksten av prosjektet kan ein seie var både kommunalt og statleg initiert, i det kunstskoleinteressa vaks fram ute i einskildkommunar, mens statlege instansar fanga opp og vidareutvikla idéane. Målsetjingane var å stimulere barn og unges kreativitet og fantasi og styrkje medvitet om kunstens betydning før og no.

Ein vann mange verdifulle røynsler, interessa er stor når det gjeld å starte opp kunstskolar, men den politiske viljen til å prioritere dette har det så langt skorta på. For å halde ideen varm, spreie kunnskapen om kunstskoleideen og gi fylkeskommunane og fleire kommunar konkrete erfaringar med kunstskoleverksemd, har Norsk kulturråd og Kyrkje-, undervisnings- og forskningsdepartementet gitt alle fylkeskommunane tilbod om 75 000 statlege kroner pr. år i to år for å setje i gang nye forsøk. Frå årsskiftet reknar vi med at alle fylka skal vere komne i gang med sine prosjekt.

## Pilotgalleriprojektet

Utgangspunktet for dette prosjektet er at det blir gjort relativt lite frå dei *etablerte* institusjonane innan kunst- og kulturliv for å gjere biletkunst tilgjengeleg for barn og unge. Mange barn opplever sjeldan eller aldri å møte biletkunst eller kunsthandverk på nokon systematisk måte i heim, fritid, skole eller barnehage. Andre bilettuttrykk, som film og video dominerer, og mange hevdar at biletkunsten har tapt når det gjeld å vinne interesse frå barn og unge.

Pilotgalleriprojektet er ei satsing frå Norsk kulturråd for å gripe tak i denne utviklinga. Det er etablert såkalla "pilotgalleri", seks ulike stader i landet. No er vi halvvegs i den treårige forsøksperioden. Akershus - Akershus kunstnersenter,

Rogaland kunstnersenter/Rogaland kunstmuseum/Buøy skole, Bodø kunstforening/Bodø kommune, Buskerud fylkeskommune, Nordnorsk kunstmuseum, Tromsø og Trøndelag med Trondhjems Kunstforening/Trøndelag Kunstgalleri og Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum.

## **Barn og unges dans**

Eit prosjekt der det overordna målet er å styrkje arbeidet med dans blant barn og unge i og utanfor skolen. Dans har hatt låg prioritet og no er det i gang forsøksverksemd i 2 fylkeskommunar, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag og i kommunane Karasjok, Narvik, Trondheim og Suldal. Prosjektleiinga er lagt til Norsk senter for barneforskning.

## **Teater for barn og unge**

Kulturrådet er oppteke av å styrke teaterområdet i forhold til barn og unge. Den overordna målsetjinga for eit slikt arbeid med profesjonelt teater for og med barn og unge, er å skape eit høgverdig og desentralisert tilbod som kan nå ut til alle barn og unge, uavhengig bustad og foreldrebakgrunn. Teater for barn og unge skal sjåast på line med og som ein del av den teateraktivitet og det teatertilbod som eksisterer for andre befolkningsgrupper.

Gjennom ei utgreiing av teater for og med barn og unge har Kulturrådet no fått eit grunnlag for vidare diskusjon av satsingsområde. Dette er ein diskusjon som også vil bli sett i samanheng med ein totaldiskusjon av Kulturrådet sitt engasjement på teaterområdet, etter at ansvaret for frie sceniske grupper no er foreslått lagt til Kulturrådet. Diskusjon av konkrete tiltak og nærare utgreiing av desse, ligg såleis framfor oss. Men i praksis så vil scenekunst no bli eit sjølvstendig satsingsområde i Norsk kulturråd.

Av konkrete kulturrådsstøtta prosjekt på området kan elles nemnast eit treårig teaterprosjekt i Telemark, Grenland friteaters "Fantasifabrikken". Målsetjinga med dette prosjektet er å skape nye, originale kvalitetsproduksjonar for barn og unge, stimulere til vekst i ny norsk dramatik for barn og unge, utvikle eit gjensidig samarbeid med skoleverket, få til ei fagleg oppfølging og bearbeiding av prosjektet, særskilt i relasjon til skuleverket med tanke på overføringsverdien til andre. Dette

er eit treårig prosjekt (kr. 217 000 pr år i tre år), prosjektet har summert opp første driftsår, og ein meiner å vere på god veg mot dei måla som var sette. Dei største problem seiest å liggje på formidlingssida, då mange av dei lokale kulturadministrasjonane ikkje synes å prioritere teater for barn og unge særleg høgt, og det har vore vanskelegare enn venta å få til eit samarbeid med skolane, der skolane sjølve har måtta finansiere forestillingsbesøket. Utfordringa i framtida ligg i å få teater, både reine førestellingar og meir dramarelaterte aktivitetar, inn i skolen som ein sjølvsgat del av undervisninga, meiner rapporten.

## **Barn, unge - museum**

Formidling er eit sentralt punkt for alle Universitet - i alle fall i føremålsparagrafane, men på Naturhistorisk museum der er døra klassisk konstruert for å hindre barn og mindreårige i å kome inn på eiga hand.

Målsetjinga for dette prosjektet har vore å utvikle musea til kultur-, kompetanse og opplevelsessentra i nærmiljøet, med barn og unge som aktive medarbeidarar, å utvikle nye formidlingsformer som kan aktivisere familiar og barn og gi kunnskapar om nær og fjern fortid, og utvikle samarbeidet mellom musea og nærmiljøet - barnehagar, skolar, barne- og ungdomsorganisasjonar - med sikte på å styrke den lokale kulturen. Delprosjekta har hatt ulike tema der ein kan nemne nokre døme som "fleirkulturelt aktivitetsopplegg" (Norsk folkemuseum, Internasjonalt kultursenter og museum (IKM), Norsk kulturråd), "læring gjennom arbeid" t.d gjennom innhenting av kultur- og naturhistoriske kunnskapar gjennom rehabilitering og bruk av nedlagt gardsbruk (Ytste Skotet/Sunnmøre museum/fylket), bruk av teater/drama i historieformidling, presentasjon av historiske rom/bygningar og museum (Bryggens museum, Barnas Hus i Bergen).

## **Samspelet mellom vaksnes og barns kultur**

"Når voksenkultur og barns kultur møtes" er tittelen på Danbolt og Enerstvedts evalueringsrapport om fleire kulturformidlingsprosjekt for barn ved Barnas Hus i Bergen. Rapporten reiser viktige problemstillingar når det gjeld kulturformidling til barn. Barnas Hus i Bergen har fått støtte av Norsk kulturråd i ein forsøksperiode.

Barnas kulturverkstad i Stavanger også eit kulturrådsstøtta prosjekt.

## Kultur og skole

Kulturrådet har på ulike vis vore opptekne av skolen som kulturformidlar og kultursenter. I 1992 tok rådet initiativ til prosjekt for å stimulere til utvikling av det kulturelle innhaldet i skulefritidsordningane. Skulane var idérike og oppfinnsame og viste at skulefritidsordningane kan vere ein stimulans for barns eiga utfalding. Ved å trekkje inn profesjonelle kunstnarar og andre lokale ressurspersonar, fekk barn oppleve og ta del i aktivitetar på områda mat- og handverkstradisjonar, teater, musikk, dans, biletkunst og kulturvern.

Kulturrådet har vore oppteke av dei estetiske faga sin plass i skolen, men vi er ikkje vorte høyrde så ofte. Det er grunn til å engasjere seg vidare i utforming av skulens innhald, dersom Hernes skal få lov til å seie at skulen er vår viktigaste kulturinstitusjon.

Norsk kulturråd og dåverande Grunnskolerådet sitt arbeid med ein handlingsplan for å styrkje dei estetiske fag i skolen kom hausten 1991. For få av framlegga til tiltak er tekne til følgje. Det vert arbeidd med å etablere eit nettverk for styrkinga av dei estetiske fag i skolen. Det trengst ser det ut for - dessverre.

## Kultur for alle

Prosjektet "*Aktiv musikk for alle*" - integrering av psykisk utviklingshemma i kommunale musikkskular, blir støtta i tre år frå Norsk kulturråd. (Norsk kulturråd kr 1 350 000 over tre år, Sosialdepartementet kr 750 000 over tre år.) Norsk musikkråd er ansvarleg for prosjektet, saman med Østlandets musikkonservatorium som har tilsett prosjektleiar.

Det blir arrangert kurs for instruktørar i musikkskulane for å kvalifisere desse til å gi tilbod til psykisk utviklingshemma. Rettleiingsteneste blir bygd opp i alle fylkeskommunar, og informasjonsmateriale blir distribuert til institusjonar for høgare musikkutdanning, pedagogiske høyskolar, frivillig musikkliv, musikkskular, tidsskrift og direkte til brukargruppa. Det er gjort ei kartlegging av fritidstilbodet i musikk til menneske med psykisk utviklingshemming, og i alt 79 % av kommunane i landet ønskjer hjelp og støtte i dette arbeidet.

## Kulturelt mangfald

IKM - Stiftelsen Internasjonalt kultursenter og museum blei oppretta i 1991, lokalisert til Gamle Oslo, og med full verksemd med statlege midlar, m.a. frå Norsk kulturfond, i 1992-93. Prosjektet som rådet har støtta, blir kalla "Internasjonal kulturformidling til barn og unge" og baserer seg på prinsippet om å kombinere *kunnskap* og *oppleving* i kulturformidlinga. IKM arrangerer kurs, seminar og festivalar for å syne kvalitet og mangfald i kunst- og kulturuttrykk frå andre kulturar. Skular og barnehagar har vore målgrupper for ei rad kurs, utstillingar og førestellingar, fagfolk innanfor helse-, sosial-, kultur- og skulesektoren, arbeidsmarknadsetaten har vore med på seminar, mens festivalane har vore opne for eit ålment publikum. Seminar og festivalar har vore knytt til livssyklusen; svangerskap/fødsel, barndom, ungdom - neste gong står forelsking og ekteskap for tur. Prosjekta har heilt frå starten teke sikte på ei utviding frå lokalt basert verksemd i bydel Gamle Oslo og nabobydelane til å bli regionalt og så nasjonalt. I løpet av 1994 har IKM knytt kontaktar og laga samarbeidsavtalar med Norsk Folkemuseum, Oslo bymuseum og Etnografisk museum. Vidare i dette arbeidet vil derfor museumsfagleg kompetanse vere tilgjengeleg og målet om å bli eit nasjonalt fleirkulturelt ressurs- og kompetansesenter eit hakk nærare. Rikskonsertane har sitt Klangrike fellesskap - kanskje er tida mogen for ein meir samordna plan for nasjonal innsats på området.

I det kulturrådsstøtta prosjektet "Musikkdilla" er målet å få fram betre musikk for barn og unge. Ein vil gi dei ei musikalsk utfordring som kan stimulere fantasi og kreativitet. Det blir lagt stor vekt på CD- og kassettproduksjonar. Her har Kulturrådet samarbeidet med NRK Barneradioen og Rikskonsertane.

Barnefilmklubbar - Det norske filminstitutt: Prosjektet Norske barnefilmklubbar blei starta i 1991 på initiativ frå Norsk filmklubbforbund (NFK) som i over tretti år har drive kulturarbeid for å fremje kvalitetsfilmen. Barnefilmklubbprosjektet har vore støtta av Kulturrådet, og dette har gjort det mogleg å spreie informasjon og etablere vilkår for at barnefilmklubbane skal kunne spreiaast over heile landet. Barnefilmklubbane er også i ferd med å vinne innpass som tilbod i skulefritidsordningar. Det er no om lag 60 barnefilmklubbar rundt om i landet. Prosjektet "Levende bilder for barn og unge" var eit spennande tiltak.



"Medieverkstader for barn og unge" er eit nystarta samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturråd, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Norsk Rikskringkasting. Målsetjinga er å lære barn og unge å bruke ulike media som ein integrert del av verksemda i skole og kulturliv. Det skal stimulerast til utvikling av allsidig medieverksemd i nokre utvalde lokalsamfunn, i ulike landsdelar og miljø.

Den nye mediesituasjonen er ei utfordring. Kulturrådet har som eit satsingsområde "Kultur og medier, der politikken er under utmeisling, så vi kan ikkje no seie noko konkret i forhold til barn og unge. Men der er ikkje umogeleg at "Virtual reality" må opp på vår dagsorden relativt snart.

I Kulturmeldinga blei det peika på at det ligg store utfordringar for kulturinstitusjonane og organisasjonane i å finne fram til nye samarbeidsformer, nye fellestiltak og nye formidlingsformer og -stader. Det er mykje positivt i den måten riksinstitusjonane legg opp arbeidet sitt i høve til barn og unge. Men det er behov for ei betre samordning og målretting av tilbodet frå riksinstitusjonane og liknande offentlege og private riksdekkjande institusjonar og organisasjonar. Det blir no gitt kulturfondsmidlar til forsøk på samarbeid mellom Rikskonsertane, Riksteatret, Riksutstillingar, Norsk Forfattarsentrum og Det Norske Filminstitutt. Dette er eit samarbeid som blir prøvd ut i prosjekt i bydelar i Oslo. Etter mi meining trengst eit "kulturelt jordskifte" på nasjonalt nivå, slik at folk finn fram og staten brukar sine knappe midlar på ein meir effektiv måte.

Kulturrådet byggjer sitt arbeid og engasjement på den breie kontaktflata, gjennom den kunnskapen og det lokale kulturlivet som m.a. kjem til syne gjennom søknader til Kulturrådet. Når døma på prosjekt først og fremst har vore dei store "Kulturrådsinitierte", viser det område som på ulike vis har kome opp i dagen som viktige satsingsområde. Derfor blir dialogen mellom dei som arbeider på området og det statlege organet like viktig framover.

Det er no etablert ei eiga arbeidsgruppe i Norsk kulturråd med ansvar for evaluering og forskning. Den trur eg kjem til å spele ei positiv rolle for ei betre og meir kvalifisert politisk tenking i åra som kjem. Det blir endå viktigare enn før at vi blir flinkare til å publisere våre "funn" for dei ymse målgruppene. Det er vidare truleg at vi får etablert ein eigen skriftserie i regi av Norsk kulturråd. Kanskje kunne evalueringsrapporten til professorane Åse Enerstvedt og Gunnar Danbolt, om formidlingsprogram ved Barnas Hus i Bergen, bli ein del av skriftserien.

*Lidvin Osland*

Til slutt: Norsk kulturråd si rolle er å ta på seg ansvar for utprøving av dei nye idéane basert på sunn galskap og tenking på tvers - og gje desse små kulturfrøa ein rimeleg sjanse til å vekse opp. Kinesarane seier at ein må så før ein kan hauste. Det betyr at vi må satse på barn og unge viss vi ønskjer ei betre framtid for oss alle.